



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 08.05.2014

Vår ref.: 2014/11899-5

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.: «REF»

Søknad om tilskot til tiltak for barn, unge og voksne med funksjonshemmingar

Viser til dykkar søknad om tilskot til inkluderingstiltak for barn, unge og voksne med ulike funksjonshemmingar. Søknaden er datert 10. februar 2014. Vi beklagar sein tilbakemelding. Søknaden er sett i samanheng med andre fylkeskommunale tilskotsordningar som vert handsama i desse dagar.

Hordaland fylkeskommune tildeler kr 100.000,- til Hordaland Fotballkrets og Norges Håndballforbund Region Vest til dette arbeidet for 2014. Tilskotet skal nyttast i arbeidet mot barn og unge. Beløpet vil bli overført til dykkar konto snarast (send kontoinformasjon til hanne.espe@hfk.no).

Vi ser at Hordaland Fotballkrets og Norges Håndballforbund Region Vest driv eit godt arbeid for denne målgruppa. I tillegg til sjølve aktiviteten, er det planar om oppfølging av trenrarar og leiarar i klubbane, klubbesøk og bistand til klubbane og arrangere fagseminar.

Vi er positiv til ei ekstra satsing mot denne målgruppa, då vi ser at mange kommunar ikkje har eigne aktivitetstilbod. Det at arbeidet vert sett i samanheng med ev. å arrangere Landsturneringa i 2017, er svært positivt. Utfordringane med inkludering av denne målgruppa er felles for heile idretten, og det er såleis naturleg å sjå dykkar arbeid/tiltak i samanheng med det arbeidet som Hordaland idrettskrets og Olympiatoppen Vest-Norge gjer.

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 15. desember 2014. Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen. Vi ønsker også at de synleggjer fylkeskommunen som bidragsytar.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottek melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter. Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til med arbeidet!

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.